



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg: **AU i verneområdestyret for SVR**

Møtested: , Teams

Dato: 20.01.2025

Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 7/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 8/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 9/25	Referatsaker		
AU 10/25	Orienteringssaker		
AU 11/25	Behandling av søknad om bruk av snøskuter - Kari Røynlid - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral kommune		2025/247
AU 12/25	Søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjonar for elektronisk sporing av sau i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder, Bygland, Sirdal, Gjesdal, Valle og Bykle kommunar - Jæren Smalalag		2025/633
AU 13/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Bykle, Valle og Sirdal kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe		2024/12225
AU 14/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Valle og Sirdal kommunar - Sandnes Røde Kors Hjelpekorps		2025/241
AU 15/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Bykle, Valle og Sirdal kommunar - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest		2024/11848
AU 16/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger Røde Kors Hjelpekorps		2024/12292
AU 17/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sirdal kommune - Sandnes Røde Kors Hjelpekorps		2025/241
AU 18/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest		2024/11848
AU 19/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe		2024/12225
AU 20/25	Søknad om bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder,		2024/11866

Sandnes og Sirdal kommunar - Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand

AU 21/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Lusaheia og SVR landskapsvernområder, Hjelmeland og Bykle kommunar - Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand	2024/11866
AU 22/25	Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i søre del av SVR landskapsvernområde, Sirdal og Bygland kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe	2024/12225
AU 23/25	Eventuelt	



Arkivsaksnummer: 2025/247

Saksbehandler: Ida Christine Apalnes

Dato: 14.01.2025

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	11/25	20.01.2025

Behandling av søknad om bruk av snøskuter - Kari Røynlid - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral kommune


Forvalters innstilling

Med hjemmel i kap. IV pkt. 5.4.c. i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde* får Kari Røynlid løyve til bruk av snøskuter til framkjøring av utstyr, ved og materiale til hytte ved Sundagsvatn på gnr./bnr. 6/17 i Åseral kommune. Løyvet gjelder for en snøskuter og inntil 8 turer pr. år. Løyvet gjelder frem til og med 30.04.2027. Transporten skal følge kjøretrase som søker selv har tegnet inn på kart.

Løyvet gjelder også for Jørn Trygve Haug, Kjell Ljosland og Anne Haug Røynlid.

Vilkår:

- Løyvet skal alltid være med under transporten. Før hver tur må loggskjemaet fylles ut. Skjemaet skal alltid følge løyvet.
- Om føreren under transporten observerer villrein innenfor en avstand på 400 meter fra traseen skal transporten utsettes slik at villreinen ikke blir uroet.



Kart over godkjent kjørerute til hytte (markert i grønn). Blå er hovedtrasé. Rød er alternativ rute avhengig av snøforhold.

Av hensyn til sikkerhet, og av praktiske grunner, kan transporten gjennomføres med to snøskutere ifølge. Dette må da føres opp som to turer på loggskjemaet. Begge snøskuterne må delta aktivt i transporten.

Annet lovverk

For omsøkte motorferdsel vil det i de fleste tilfeller være nødvendig med egen dispensasjon etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendes kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneier nekte motorferdsel på sin eiendom. Grunneiers tillatelse skal også hentes inn der dette er nødvendig.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Kari Røynlid søker om løyve om bruk av snøskuter til frakt av utstyr, ved og materiale til hytte ved Sundagsvatn på gnr./bnr. 6/17 i Åseral kommune. Transporten skal starte fra Ljosland og følge trasé som søker selv har tegnet inn på kart. Fra Kokevatn (rød rute) og Vindhomknuten (blå rute) følger transporten preparert skiløype.

Det er søkt om inntil 8 turer i perioden 2025-2029. Løyvet skal også gjelde for Jørn Trygve Haug, Kjell Ljosland og Anne Haug Røynlid.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Hjemmelsgrunnlag

Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde var verna ved Kronprinsregents resolusjon av 28. april 2000. Formålet med vernet er etter kapittel III i Forskriften om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på et sammenhengende, særpreget og vakkert naturområde med urørt fjell, hei og fjellskogområder med særpreget plante- og dyreliv, stølsområder, beitelandskap og kulturminner.
2. Å ta vare på et sammenhengende fjellområde som leveområde for den sørligste villreinstammen i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde er regulert av verneforskriften kapittel IV punkt 5 der det heter at motorisert ferdsel på land er forbudt. Etter kapittel IV punkt 5.4 c kan forvaltningsmyndigheten gi dispensasjon etter søknad for nødvendig transport av materialer, brensel, utstyr og proviant til hytter og buer med helikopter og snøskuter. Dette er videre utdypet i kap. 3.7.4 i Forvaltningsplanen for SVR.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)

Etter § 7 i Naturmangfoldloven skal de miljørettslige prinsippene i NML §§ 8 til 12 legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet. Forvaltningsmyndigheten må ved alle tiltak som omfatter naturmangfoldet, vurdere søknadene etter disse paragrafene.

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om naturmangfoldet i området er henta fra lokalkunnskap, Miljødirektoratets sin naturbase (naturbase.no), database for sensitiv artsdata og fra NINA sin GPS-merkeprosjekt på villrein i Setesdal Ryfylke. Kunnskapsgrunnlaget må vurderes som relativt godt for å kunne vurdere i hvilken grad transporten det er søkt om vil ha innvirkninger på verneverdiene og verneformålet, og det legges derfor liten vekt på *føre var-* prinsippet i Naturmangfoldloven § 9 videre i vurderingen.

Området er markert som barmark- og vinterbeite for villrein i naturbase. De siste fire årene har det vært observert mer villrein sørover i vestheia på Ljosland enn tidligere år. Normalt er det mindre bukkeflokker som har tilhold i disse områdene, men det har også vært enkelte simler nedover. Villreinen har nytt området i større grad tidligere, noe som må ses i sammenheng med at totalbestanden i mange år har vært mindre enn før. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også være en påvirkning. Denne sørlige delen av verneområdet kan være særlig viktig for villrein i vintre der beiteområdene lenger nord i heia er nediset.

Det er ikke registrert rødlista rovfugler eller andre sårbare arter eller økosystemer i det aktuelle området som kan bli påvirket av tiltaket.

NML § 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Vestover fra Ljosland er det mye ferdsel fra det mange fritidshyttene på Ljosland. Vinterstid går mye av ferdselen i de maskinpreparerte løypene rundt Skoræ og over Stikebosshei.

Motorisert ferdsel i området er i første rekke knyttet til preparering av skiløyper samt transport til enkelte driftshusvære. I tillegg har regulant noe motorferdsel i forbindelse med snømåling og tilsyn av kraftanlegg.

Den omsøkte transporten har et avgrenset omfang og ulempa er i første rekke knytte til støy av forbigående karakter. Det er likevel viktig å ikke se på den aktuelle transporten isolert sett, men ha et langsiktig og helhetlig perspektiv på ferdselen i området.

NML § 11 Kostnader ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver og NML § 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Tiltakshaveren er ansvarlig for at transporten blir gjennomført på en så god, miljøvennlig måte som mulig.

Konklusjon

Den omsøkte transporten vil bare i liten grad ha en negativ påvirkning av verneverdiene i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde og transporten kommer ikke i konflikt med verneformålet. Transporten vil heller ikke være en trussel mot naturmangfoldet. Det kan derfor gis løyve på vilkår.



Arkivsaksnummer: 2025/633

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 15.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	12/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til utplassering av basestasjonar for elektronisk sporing av sau i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frافjordheiane landskapsvernområder, Bygland, Sirdal, Gjesdal, Valle og Bykle kommunar - Jæren Smalalag

Vedlegg:

- 1 Jæren smalalag - søknad om basestasjonar 2025
- 2 Jæren Smalalag - bakgrunnsinformasjon
- 3 Jæren Smalalag - kart over basestasjonar 2025
- 4 Jæren Smalalag - motorferdsel til basestasjonar

Forvaltar si innstilling


Jæren Smalalag får dispensasjon til å utplassere inntil 14 basestasjonar for elektronisk sporing av sau i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frافjordheiane landskapsvernområder.

Vedtaket er fatta etter § 48 i naturmangfaldslova og § 3, punkt 1.3, bokstav e i Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde.

Basestasjonane skal plasserast på Sandvasshorten, Breidånuten, Urdalsknuten, Taumevassnuten, Dyregråvatnet - vest, Klovfjell, Vardvasseggene, Krakefjell, Austevassknuten, Skarveknuten – sør, Rukkåknutan og Svåefjell i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Stutehei og Grønaknut i Frافjordheiane landskapsvernområde. Utplasseringa skal skje i samsvar med kartet i vedtaket. Ved plassering meir enn 200 m frå oppgitt punkt på kartet skal SVR ha melding om dette.

Dispensasjonen gjeld for ein prøveperiode på 4 år fram til og med 2028. Etter beitesesongen 2027 skal ordninga evaluerast for å vurdere om basestasjonane samla sett medfører mindre ferdsel og belastning på verneområda. Om prøveordninga ikkje blir vidareført etter evalueringa må basestasjonane fjernast frå verneområde etter beitesesongen 2028.

Oppsetting, tilsyn og feilretting vil medføre auka motorferdsel i område med lite ferdsel frå før. Det er derfor av stor betydning for verneområdestyret at basestasjonane faktisk medfører redusert ferdsel i samband med sanking og ettersanking på hausten. Jæren Smalalag må derfor både før og gjennom prøveperioden dokumentere omfanget av verksemda i samband med tilsyn, sanking og ettersanking, og gi verneområdestyret tilgang til denne. Dokumentasjonen skal ha innehalde tal på dagsverk bruka til tilsyn, sanking og ettersanking for kvart delområde. Dokumentasjon for omfanget av verksemda for beitesesongane 2023 og 2024 må sendast verneområdestyret seinast 1. mars 2025. Gjennom prøveperioden skal tilsvarende dokumentasjon sendast verneområdestyret innan 31.12 kvart år.



Blå punkt viser basestasjonar i SVR landskapsvernområde, raude punkt viser basestasjonar i Frafjordheiane landskapsvernområde, mens grøne punkt viser basestasjonar utanfor verneområda.

Jæren Smalalag får dispensasjon til bruk av snøskuter for å utplassere inntil 15 basestasjonar for elektronisk sporing av sau i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder for vinteren 2025.

Jæren Smalalag får og dispensasjon til bruk av snøskuter til tilsyn og feilretting av basestasjonane for perioden 2026-2028

Snøskutertransportane skal samordnast med anna transport Jæren Smalalag har til sine hytter.


Transportane skal følgje køyrerutene på karta i vedtaket.

Før snøskutertransportane gjennomførast må Jæren Smalag sende inn ei liste med namn på dei som skal gjennomføre dei ulike transportane.

Dispensasjonen er gitt etter kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og §3, punkt 5.3, bokstav a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for følgjande køyreruter, tidspunkt og tal på snøskutertransportar:


- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Høgaleite til Grønaknut og Stutehei i tidsrommet 20.01-31.04 for åra 2025-2028




- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Sinnes til Svåefjell i tidsrommet 20.01-31.04. for åra 2025-2028




- Ein snøskutertransport med inntil tre snøskuterar frå Flatstøldalen til Taumevassknuten, Breidåknuten og Sandvasshorten i tidsrommet 10.02-14.04. for åra 2025-2028. Til Breidåknuten og Sandvasshorten skal det følgjast køyrerute over isen på Svartevassmagasinet om denne er farbar




- Ein snøskutertransport med inntil tre snøskuterar frå Brokke-Suleskardvegen til Urdalsknuten og Dravleskarven i tidsrommet 10.02-14.04. for åra 2025-2028. Det skal følgjast køyreruter anten over isen på Rosskreppfjorden eller etter DNT Sør si kvista løype Brokke-Suleskardvegen-Svartenut-Bossbu-Stavskar




- Ein snøskutertransport med inntil tre snøskuterar frå Brokke-Suleskardvegen til Klovfjell, Dygråvatnet vest og Vardevasseggene i tidsrommet 10.02-14.04. for åra 2025-2028. Til Dygråvatnet vest skal det ikkje køyrast om Bosvatnet og Dygråvatnet for å sikre tilstrekkeleg avstand til hekkelokaliteter for raudlista rovfugl



- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Langalonæ til Skarveknuten sør i tidsrommet 20.01-31.04. for åra 2025-2028



- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Kvifjorden til Rukkåknutan i tidsrommet 20.01-31.04. for åra 2025-2028



- Ein snøskutertransport med inntil to snøskuterar frå Tjønndalen til Austevassknuten og Krakefjell i tidsrommet 20.01-31.04. for åra 2025-2028



Vedtaket blir grunngeve med at basestasjonane er relativt små og den negativ innverknaden på landskap og naturmangfald er derfor avgrensa. Det leggast og vekt på at basestasjonane lett kan fjernast frå verneområde når dei ikkje lenger er i bruk. Det blir og vektlagt at basestasjonane truleg vil medføre mindre ferdsel i samband med tilsyn, sanking og ettersanking av sau, og såleis samla sett vil medføre mindre belastning på verneverdiane. Motorferdsla som er nødvendig for utplasseringa og tilsyn har eit avgrensa omfang.

Dispensasjonene blir gjeve med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein nærare enn 400 m køyrerute eller monteringspunkta må utplassering/tilsyn vente til faren for forstyrring er over
- Søkar skal fjerne basestasjonane frå verneområdet når dei ikkje lenger er i bruk
- Dersom det blir brukt boreboltar til forankring av basestasjonane skal boreboltane fjernast når basestasjonane ikkje lenger er i bruk. Borehola skal tettast med materiale som hindrar inntrenging av vatn . Tettingsmaterialet skal ha ein farge og konsistens som skil seg minst mogleg frå berggrunnen på staden
- Basestasjonane må ikkje plasserast på eller rett ved toppvardar og trigonometriske punkt
- Basestasjonane skal ikkje ha ei samla høgd som overstig 3m
- Antenne og solcellepanel skal ha ei overflatebehandling som ikkje gir gjenskin i sollys
- Tilgrensande sankelag må etter avtale få tilgang til basestasjonane for å avgrense det totale talet på slike stasjonar

Elektroniske data om sauens arealbruk under beiting kan ha mange bruksområde innanfor forskning og forvaltning. Elektroniske data frå sporingseiningar og basestasjonar skal derfor lagrast og gjerast tilgjengeleg for Verneområdestyret for SVR, NINA og andre relevante forskingsinstitusjonar og forvaltningsorgan.

Det vil være nødvendig med løyve frå grunneigar for oppsetting av basestasjonane. Det må og sendast førespurnad til aktuelle kommunar slik at dei kan vurdere om tiltaka er søknadspliktige etter Plan- og bygningslova.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Jæren Smalalag sitt ansvar å hente inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 04.12.2024 og ettersendte kart for køyreruter 10.01.2025 og 12.01.2025. Viser og til gitte dispensasjonar til tilsvarande basestasjonar i AU-sak 28/2021 og dei delegerte vedtaka 20/2022, 27/2022 og 41/2023. I desse sakane er det til saman gitt dispensasjon til utplassering av 7 basestasjonar.

Jæren Smalalag søker om dispensasjon til å utplassere 14 basestasjonar for elektronisk sporing av sau i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder. I tillegg skal 3 basestasjonar plasserast rett på utsida av vernegrensa.

Jæren Smalalag søker og om dispensasjon til å bruke snøskuter til utplassering og tilsyn med 15 av basestasjonane. Søknaden gjeld for 2025-2029.


<u>Plassering</u>	<u>Verneområde</u>
Statskog - Holmevassheia og Suleskardheia	
Sandvasshorten	SVR
Breiåknuten	SVR
Urdalsknuten	SVR
Taumevassnuten	SVR
Vest for Dyrgråvatnet	SVR
Klovfjell	SVR
Brokkeheia	
Vardvasseggene	SVR
Dravleskarven	Utanfor verneområdet
Langeid- Heggelandsheia	
Krakefjell	SVR
Rimestrondfjellet	Utanfor verneområdet
Austevassknuten	SVR
Kviheia/Rysstadheia	
Skarveknuten sør	SVR
Kviheia	
Rukkåknutan	SVR
Sinnesheia	
Svåfjell	SVR
Blåfjell	
Stutehei	Frafjordheiane
Fidjastølen	
Grønaknut	Frafjordheiane
Fidjelandsheia	
Grubbå	Utanfor verneområde

Stadig fleire saueigarar utstyrer nå dyra sine med ein sporingseining og søkar meiner det kan ha stor nytteverdi. Jæren Smalalag ser føre seg at sankearbeidet kan gjerast meir målretta og effektivt.

Springeingingane er av typen Gjetargut som sender signal til basestasjonar som står på stadar med 4G telefondekning. Ved utplassering av basestasjonar på dei 17 toppane, saman med tidlegare utplasserte basestasjonar, vil desse gi god dekning i dei aktuelle beiteområda.

Søkar oppgir at basestasjonane er maksimalt 2.5m høge, og at dei består av ei mast med antenne og solcellepanel, samt ein liten boks med batteri som står på bakken. Solcellepanelet har ein storleik på 54x120 cm. Heile basestasjonen veg om lag 30 kg.

På produsenten si nettside finn ein dette bilete av basestasjonane.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015
- Naturmangfoldlova

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde ble vernet ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Formålet med vernet går frem av kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- “1. Å ta vare på et samanhengande, særpreget og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområder med et særpreget plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på et samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstammen i Europa. “

Verneforskriftas kapittel IV punkt 1.1 forbyr inngrep som “*vesentleg kan endre landskapets art eller karakter*”. Forskriftenes opplisting under punkt 1.1 setter et generelt forbod mot mellom anna nye

anlegg. Verneføreskrifta inneheld heller ingen spesifikke dispensasjonsheimlar som opnar for nye anlegg. Søknaden om basestasjonane må derfor handsamast etter §48 i naturmangfaldlova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Vidare heiter det i kapittel 5, punkt 5.4, bokstav a, at forvaltningsstyresmakta etter søknad kan gi løyve til «*Naudsynt luft og snøscootertransport som trengst i samband med jord- og beitebruk, t.d. frakt av gjerdeutstyr*».

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem motorferdsla det er søkt om inn under kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, og treng derfor dispensasjon kapittel 5, punkt 5.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at "*Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging*".

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta si §3, punkt 1.1 Her heiter det at det må ikkje gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller verka inn på landskapet sin art eller karakter. Vidare heitar det at med dei unntak som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, er det forbod mot inngrep som mellom anna nye bygningar og anlegg.

I verneføreskrifta sin §3, punkt 1.3 blir det rekna opp ein del byggetiltak som forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Under bokstav e finn ein tiltaket «*Oppføring av bygningar som er naudsynte i samband med landbruksdrift*».

Etter forvaltningsstyresmakta sitt syn, vil ein basestasjon på Grønaknut og Stutehei falle inn under denne formuleringa i verneføreskrifta. Det omsøkte tiltaket må derfor ha dispensasjon etter §3, punkt 1.3, bokstav e for å kunne gjennomførast.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på

frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy til transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på hytter, klopper o.l.

Motorferdslova det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon etter §3, punkt 5.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Forvaltningsplan for SVR omtaler kommunikasjonsanlegg i kapittel 2.3.4 på side 30. Her går det mellom anna fram at:

«Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bygging av ulike kommunikasjonsanlegg. Antenneanlegg og linkstasjonar skal så langt det er råd samlokalisert, og primært byggast der det er slike anlegg frå før. Om mogleg skal slike anlegg lokalisert utanfor verneområda.»

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområder.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Dei fleste av basestasjonane ligg sentralt i dei sørlege delane av verneområde, mellom Svartevassmagasinet i nord og Kvifjorden i sør. Dei aktuelle stadane for basestasjonane ligg om lag 930-1436 moh i eit ope storkupert høgfjells- og heilandskap. Generelt er vegetasjonen i området skrin og består av lav, gras og lyngartar. Det er og mykje bart fjell.

Desse delane av verneområdet blir ein del brukt av villreinen på ulike tider av året. Med unntak av dei vestlege delane inngår område i det sentrale vinterbeiteområde for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) og nyare GPS-data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024), viser og at det har vore villrein på alle dei toppane om vinteren (desember-mars), med unntak av dei tre vestlegaste toppane. Når det gjeld barmarkssesongen (juni-oktober) har det vore villrein ved alle toppane med unntak av den sørlegaste og dei tre vestlegaste. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert faste villreintrekk langs køyrerutene til fleire av toppane.

Med unntak av dei tre vestlegaste toppane er det sannsynleg at det vil bli observert villrein langs køyrerutene. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no). Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på

Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter i det aktuelle området. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken som kan ta skade av tiltaka og motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire store reguleringsmagasin i område. Brokke-Suleskardvegen og to kraftlinjer går og gjennom delar av område. Område har og eit og eit godt utbygd turisthytte- og løypenett, fleire Statskoghytter og fleire private hytter og stølar. Det samla belastninga på område blir vurdert som moderat.

Utsetting av basestasjonane vil medføre tekniske inngrep på elles urørte stader. Samstundes er basestasjonane relativt små, og derfor ikkje synlege på lang avstand sjølv om dei er plassert høgt i terrenget. Basestasjonane er heller ikkje permanente inngrep da dei lett kan fjernast når dei ikkje skal brukast lenger. Basestasjonane i seg sjølv vil truleg ikkje ha nemneverdig negativ innverknad på villrein eller anna vilt. Transport, utplassering og tilsyn med basestasjonane vil medføre ein noko auka ferdsel og motorferdsel på stader med lite besøk frå før. Å kunne GPS-spore sau på beite vil truleg spare sankelaga ein del arbeid med tilsyn og samling, og kan potensielt redusere ferdsla i verneområde.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil dei 14 basestasjonane det er søkt om berre ha ein avgrensa negativ innverknad på landskap og naturmangfald. I denne vurderinga leggst det særleg vekt på at dei tekniske installasjonane er små samstundes som dei er midlertidige. Motorferdsla som er nødvendig for utplassering og tilsyn har eit avgrensa omfang. Det er og godt håp om at denne ordninga på sikt kan medføre redusert ferdsel i samband med tilsyn og sanking av sau.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Utsetting av basestasjonar for elektronisk sporing av sau er eit relativt nytt tiltak i verneområda. Det er samstundes ingen tvil om at dette er eit tiltak som vil lette arbeidet for sankelaga. Betre kunnskap om sauens sin arealbruk under beiting, vil og være av stor interesse for forskning innanfor tema som økologiske effektar av sauebeite og samspelet mellom sau og villrein. Basestasjonane er plassert på stader kor den negative innverknaden er avgrensa.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Utplassering av dei 14 basestasjonane vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Tiltaket

blir heller ikkje vurdert til å være i strid med verneføremålet. Det kan derfor gis dispensasjon på vilkår etter naturmangfaldslovas § 48, første ledd og dei aktuelle verneføreskriftene.

Til

SVR v. Alf Odden

Sirdal kommune

Bykle kommune

Valle kommune

Nærbø 5.des.2024

Frå

Jæren Smalalag

v. Hanne-Elise Lindal/sekr.

Søknad om oppsett av basestasjoner ifbm elektronisk sporing av sau.

Jæren Smalalag arbeider for at saueiere som ynskjer å ta i bruk sporingssystemet "gjetergut" skal få mulighet til dette. I denne forbindelse må eit utvalg basestasjoner setjast opp og årleg vedlikehaldast. Jæren Smalalag ynskjer å ta i bruk dette systemet i komande beitesesong.

Sporingssystemet "Gjetergut" er godt utbygd aust, nord og litt vest for Jæren smalalag området. Me ser det derfor som eit nyttig hjelpemiddel til å finne sau på avveie.

Systemet kan og vera til hjelp i ettersankingsperioden for heiesjefane. Dette betinger at saueiere ser seg råd til å investere i sendere til eit utvalg av sine sauer. Me tenkjer at dette vil vera eit positivt tiltak for både saueiere og heiesjefer med hovedmål om å få sauene heim innan rimeleg tid.

Det er planlagt 17 basestasjoner, derav 13 i verneområdet SVR. Dekningsgraden bestemmer plasseringene og grunneigarane har gitt sin tillatelse.

Jæren Smalalag håper på positiv respons, slik at me kan nytte det elektroniske sporingssystemet., gjetergut,

Vedlegg 1; Kart Basestasjoner

Vedlegg 2; Kort om basestasjonen

Vedlegg 3; Geokoordinater

Vedlegg 4; Transportbehov

Vedlegg 5; Rovdyr, økonomi og motivasjon.

Rovdyr, økonomi og motivasjon.

Litt tanker frå ein sauebonde, slik at de betre kan forstå vår vilje til å investere i gjetergutsystemet.

1. Etablering av rovdyr i Region 1, NLF område og iflg lovverket skal vera utan Ynglinger av jerv.

Dette virker hemmande på investeringsviljen til ein sauebonde. Økonomien er trang nok ,og dersom rovdyr skal stikke av med lamma , så seier dette seg sjølv.

Ein sauebonde liker ikkje tanken på at sauene/lamma skal måtte slåss og lide i rovdyrangrep.

Dyra skal ha det trygt og godt på sommerbeite. Uteblir dyrevelferden vil dette svekke viljen til investeringer og matproduksjon .

Ser ut som det kan verta forsinkelser med etablering av Gjetergut i Suleskardheia, Holmevassheia, Brokke- Nomelandsheia. Sauebønder og heiesjefer avventer nødvendige grep frå Staten . Dette vil syne seg utover våren.

2. Det er god økonomi i lav tapsprosent. Ein sauebonde ynskjer buskapen heim og jo tidligere på hausten jo betre.

Dersom Gjetergutsenderne medfører liten tapsprosent og raskere heimsanka sau, så meiner me at investeringsmotivasjonen er godt tilstades.


3. Mange meiner at dette vil vera eit godt hjelpemiddel i drifta av heiane. Styre leitearbeidet meir målretta og effektivt. Dette vil nok vera posistivt når sauebonden er kome opp i stor prosentandel med springssendere.

4. Vi vel å vera optimister og håper at økonomien tillet å kunne investere, Staten gjere jobben med rovdyra og bøndene har motivasjon til å drive matvareberedskap/produksjon i Norge.

5. Til slutt; skulle jo gjerne kunne nytte meir helikopeter ved utplassering av basestasjoner, hadde det berre vore nokre midler til dette. Altså økonomisk spørsmål.

Grov skisse av hvor verneområdet er i forhold til basene

- **Baser markert i blått** ligger innenfor
- **Baser markert i grønt** ligger utenfor



Oversikt basestasjoner/ fjelltopper i Jæren smalalag sitt område.

Statskog/Holmevassheia og Suleskardheia.

Sandvasshorten	Vurderer Helikopter/ vedlikehold - snøscooter
Breidånuten	vurderer helikopter/ vedlikehold - snøscooter
Urdalsknuten	vurderer helikopter/ vedlikehold - snøscooter
Taumevassnuten	snøscooter
Dyregråvatnet-V	snøscooter
Klovfjell	snøscooter

Brøkkeheia

Vardvasseggene	snøscooter
Dravleskarven	snøscooter

Langeid- Hegglandsheia

Krakefjell	Snøscooter
Rimestrondfjellet	Snøscooter
Atevassknuten	Snøscooter Betingelse; grunneigarane forbeholder seg retten til å transportere inn materiell og personell til vedlikehold vinterstid.

Kviheia/Rysstadheia

ØyarvatnetN/Skarveknuten	snøscooter
--------------------------	------------

Kviheia

Rukkåknutan	snøscooter
-------------	------------

Fidjeldsheia

Grubbå	snøscooter	vedlikehold (til fots)
--------	------------	-------------------------

Sinnesheia

Svåefjell	snøscooter
-----------	------------

Blåfjell

Stutehei	snøscooter
----------	------------

Fidjastølen

Grønaknut	snøscooter
-----------	------------

Etablering av basestasjoner nytte snøscooter og vurdere helikopter på nokre.

Årleg vedlikehold snøscooter. ynskjeleg med fleirårig løyve til å få utføre vedlikeholdet. Evaluere transportbehovet etter 3 -5 år. h



Arkivsaksnummer: 2024/12225

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	13/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Bykle, Valle og Sirdal kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg:

- 1 Øvre Sirdal Leitegruppe - søknad

Forvaltar si innstilling

Øvre Sirdal Leitegruppe får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Dispensasjonen gjeld for inntil ein årleg kjentmannstur etter kvar av dei følgjande rutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn – Litle Aurådal - Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

For kjentmannsturen Ådneram–Taumevatn–Storevatn–Hyttevatn–Litle Aurådal–Svartevassmagasinet–Grautheller–Ådneram, skal Øvre Sirdal Leitegruppe, Sandnes Røde Kors Hjelpekorps og Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest samordne kjentmannskøyringa, slik at det samla ikkje blir gjennomført meir enn to turar på strekninga Storevatn-Hyttevatn kvar vinter.

For dei to kjentmannsturane kan turen til/returen frå Grautheller leggast over Salomonsknuten og Grytdalen.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 10.02-21.04 for 2025 og 09.02-15.04 for 2026.

Kjentmannsturen etter ruta: Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller – Ådneram kan gjennomførast frå 03.02 i 2025 og 02.02 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngjeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane er i all hovudsak lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggsbelastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane, sjølv

om køyrerutene delvis går gjennom sårbare vinterbeiteområde for villrein. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følge av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Sandnes RKH og Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1. juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Øvre Sirdal Leitegruppe sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 16.12.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026 frå 11.11.2024.

Viser og til vedtak i AU-sak 4/22 og fleire delegerte vedtak som gjeld liknande søknadar.

Øvre Sirdal Leitegruppe søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde. Det søkast om inntil ein årleg kjentmannstur, med inntil 10 snøskuterar, etter kvar av desse køyrerutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn – Litle Aurådalen - Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for SVR landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova


Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går frå fjellbjørkeskogen til eit storkupert høg fjellsterrang sør og vest for Svartevassmagasinet, om lag 700-1100 moh.

Denne delen av SVR har regelmessig vore brukt av villreinen dei siste 20 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at

fem av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2006-2010). GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert mange plott frå området. Særleg strekninga frå Storevatn til Hyttevattn inngår i dei sentrale vinterbeiteområda for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde.



Villreinens bruk av område om vinteren, januar-april 2006-2024

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg i Flatstøldalen og ein ved Elsvatn.

Det er sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane ved Storevatn og vidare nordover. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og Viltkart for Sirdal. Relativt nær dei aktuelle køyrerutene er det registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk og kongeørn. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021, Denne arten er svært sårbar for forstyringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet. Det er og fire turisthytter med ein god del vinterbruk. Statskog har og fleire utleigehytter i område. I tillegg er det fleire kraftverksinstallasjonar i område i samband med Sira-Kvina reguleringa. Det er mykje motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, kvisting av skiløyper og tilsyn med kraftanlegga. Det er og noko transport til private hytter og Statskog sine hytter. Ei oppteljing viser om lag 140 årlege snøskutertransportar inn Flatstøldalen til Holmavatn, om lag 35 årlege transportar vidare til Storevatn og 12 årlege snøskutertransportar på strekninga Storevatn-Kringlevatn. Det er også mange skiløparar område i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 500 overnattingar på Taumevatn, 80 på Storevatn, 30 på Litle Aurådal og 300 på Grautheller. Teljingar viser 2000 passeringar av skiløpar ved Elsvatn, og ein kan estimere eit tal på 1000 skiløparar opp til Taumevatn og 150 skiløparar på løypa nordover frå Storevatn. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som høg til moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein mindre auka i bruken av snøskuter i denne delen av landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til dei kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyrring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen med lite villrein i områda sør og vest for Taumevatn, vil kjentmannsturane inn hit kunne gjennomførast utan at dette medfører vesentlege tilleggforstyringar. For områda ved Storevatn og nordover til Hyttevatn, samt ved Litle Aurådal vil kjentmannsturane medføre auka forstyrring av villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forstyrninga av motorferdsla det er søkt om blir likevel ikkje vurdert til å være så stor at den kjem i konflikt med verneføremålet. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til

Sirdal 16.12.24

Verneområdestyret for

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjorheiane landskapsvernområde

Søknad om bruk av snøskuter i verneområdet

Øvre Sirdal leitegruppe er en del av samvirket i redningstjenesten på lik linje med andre i FORF. Laget består av omkring 60 lokale frivillige medlemmer som blir kalt ut til søk og redningsaksjoner sommer og vinter i Sirdalsheiane.

For at våre medlemmer kan ivareta egensikkerhet under vinteraksjoner er det viktig at vi får anledning til å opprettholde lokalkunnskapen, og at nyere medlemmer blir kjent i områdene vi har ansvar for og som det forventes aksjoner i. Dette har og betydning for responstiden for redningsaksjoner og utfallet for de som trenger bistand.

Det er videre avgjørende at vi får anledning til å benytte løyper og ferdselsalternativer til aktuelle terreng og gjøre oss kjent med DNT, Statskog og private hytter som oppsøkes når en er i nød og trenger hjelp.

Med bakgrunn i øvingsplan for Sør-Vest Politidistrikt datert 08.10.2024 (rev. 11.11.24) som gir åpning for inntil 6 turer, søker vi om løyve til å gjennomføre følgende kjentmannsturer:

- 2 årlige turer: Øvestebødalen / Sinnes – Sandvatn – Langevatn – Blåfjellenden – Sinnes / Øvstebødalen
- 2 årlige turer: Kvinen – Josephsbu – Gaukhei – Kvinen
- 1 årlig tur: Ådneram – Grautheller – Storevann – Taumevann – Ådneram
- 1 årlig tur: Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram (skal samkjøres)



Øvre Sirdal Leitegruppe

Følgende forutsetninger fra øvingsplan legges til grunn for kjentmannsturer:

1. I området sør for Lyseveien og vestover kan det kjøres kjentmannsturer i januar. I det øvrige området kan turene gjennomføres tidligst uken før vinterferien.
2. Det kan ikke kjøres kjentmannsturer etter 15.april eventuelt 2. Påskedag dersom sein påske.
3. For å begrense den totale belastningen i området, skal de ulike gruppene samarbeide og koordinere kjentmannsturene der de skal gjøre seg kjent i samme løype. Dvs. at gruppene som skal gjøre seg kjent langs samme trase skal, så langt det lar seg gjøre, gjennomføre turene samtidig.
4. Kjentmannsturen Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram skal samkjøres slik at det totale antallet turer ikke blir mer enn to.

Vi håper at søknaden imøtekommes og at vi trygt og sikkert kan bidra til søk og redning i fremtidige redningsaksjoner.

Vennlig hilsen

Gunhild Kvinen

Leder Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg

Kart med oversikt over traséene



Arkivsaksnummer: 2025/241

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	14/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Valle og Sirdal kommunar - Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

- 1 Sandnes Røde Kors Hjelpekorps - søknad

Forvaltar si innstilling

Annet lovverk

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køyreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter kvar av dei følgjande rutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn – Litle Aurådal - Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

For kjentmannsturen Ådneram–Taumevatn–Storevatn–Hyttevatn–Litle Aurådal–Svartevassmagasinet–Grautheller–Ådneram, skal Sandnes Røde Kors Hjelpekorps, Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest og Øvre Sirdal Leitegruppe samordne kjentmannskøyringa, slik at det samla ikkje blir gjennomført meir enn to turar på strekninga Storevatn-Hyttevatn kvar vinter.

For to av kjentmannsturane kan turen til/returen frå Grautheller leggest over Salomonsknuten og Grytdalen.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 10.02-21.04 for 2025 og 09.02-15.04 for 2026.


Den eine av kjentmannsturane etter ruta: Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller – Ådneram kan gjennomførast frå 03.02 i 2025 og 02.02 for 2026.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane er i all hovudsak lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggsbelastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane, sjølv om køyrerutene delvis går gjennom sårbare vinterbeiteområde for villrein. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følge av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe og Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1. juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Sandnes Røde Kors Hjelpekorps sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 04.01.2025 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026 frå 11.11.2024. Viser og til delegert vedtak 45/21 som gjaldt tilsvarande søknad.

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde. Det søkaste om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter kvar av desse køyrerutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn – Litle Aurådalen - Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova


Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går frå fjellbjørkeskogen til eit storkupert høgfjellsterreng sør og vest for Svartevassmagasinet, om lag 700-1100 moh.

Denne delen av SVR har regelmessig vore brukt av villreinen dei siste 20 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at fem av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde

sendar (2006-2010). GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert mange plott frå området. Særleg strekninga frå Storevatn til Hyttevatn inngår i dei sentrale vinterbeiteområda for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde.



Villreinens bruk av område om vinteren, januar-april 2006-2024

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg i Flatstøldalen og ein ved Elsvatn.

Det er sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane ved Storevatn og vidare nordover. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og Viltkart for Sirdal. Relativt nær dei aktuelle køyrerutene er det registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk og kongeørn. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021. Denne arten er svært sårbar for forstyringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet. Det er og tre turisthytter med ein god del vinterbruk. Statskog har og fleire utleiehytter i område. I tillegg er det fleire kraftverksinstallasjonar i område i samband med Sira-Kvina reguleringa. Det er mykje motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, kvisting av skiløyper og tilsyn med kraftanlegga. Det er og noko transport til private hytter og Statskog sine hytter. Ei oppteljing viser om lag 140 årlege snøskutertransportar inn Flatstøldalen til Holmavatn, om lag 35 årlege transportar vidare til Storevatn og 12 årlege snøskutertransportar på strekninga Storevatn-Kringlevatn. Det er også mange skiløparar område i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 500 overnattingar på Taumevatn, 80 på Storevatn, 30 på Litle Aurådal og 300 på Grautheller. Teljingar viser 2000 passeringar av skiløpar ved Elsvatn, og ein kan estimere eit tal på 1000 skiløparar opp til Taumevatn og 150 skiløparar på løypa nordover frå Storevatn. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som høg til moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein mindre auka i bruken av snøskuter i denne delen av landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til dei kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyrning av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen med lite villrein i områda sør og vest for Taumevatn, vil kjentmannsturane inn hit kunne gjennomførast utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar. For områda ved Storevatn og nordover til Hyttevatn, samt ved Litle Aurådal vil kjentmannsturane medføre auka forstyrning av villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forstyrninga av motorferdsla det er søkt om blir likevel ikkje vurdert til å være så stor at den kjem i konflikt med verneføremålet. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.

Fra: Eirik Sivertsen
Sendt: 04.01.2025 20:27
Til: Postmottak SFAG; Odden, Alf
Cc: post@hjelpekorpsset.org
Emne: Fw: søknad om snøskuter kjøring i verneområdet
Vedlegg: Avtale mellom Agder og Sør-Vest politidistrikt.pdf, 20241111 - Plan for øvings- og kjentmannskjøring i....pdf, Sonekart for de frivillige redningsressursene i SVR.pdf

Hei

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps ønsker å søke om ferdsel inne i vernesone med hensikt om kjentmannskjøring. se vedlagt øvelses plan ifra politiet. vi ønsker å søke i henhold til turene som står i øvelses planen

Med vennlig hilsen
Eirik Sivertsen
Korpsleder
Sandnes Røde Kors Hjelpekorps
M: [+47 917 22 411](tel:+4791722411)
D: [99486004](tel:99486004)
ISSI: 6148228



Roald Amundsensgt. 20, 4307 Sandnes | Alarmtelefon: [994 86 002](tel:99486002) | Org nr. 975 580 8



Arkivsaksnummer: 2024/11848

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	15/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde, Sandnes, Bykle, Valle og Sirdal kommunar - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest

Vedlegg:

- 1 Speidernes Beredskapsgruppe Sør-Vest - søknad

Forvaltar si innstilling

Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter kvar av dei følgjande rutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn – Litle Aurådal - Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

For kjentmannsturen Ådneram–Taumevatn–Storevatn–Hyttevatn–Litle Aurådal-Svartevassmagasinet–Grautheller–Ådneram, skal Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest, Øvre Sirdal Leitegruppe og Sandnes Røde Kors Hjelpekorps samordne kjentmannskøyringa, slik at det samla ikkje blir gjennomført meir enn to turar på strekninga Storevatn-Hyttevatn kvar vinter.

For to av kjentmannsturane kan turen til/returen frå Grautheller leggest over Salomonsknuten og Grytdalen.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 10.02-21.04 for 2025 og 09.02-15.04 for 2026.


Den eine av kjentmannsturane etter ruta: Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller – Ådneram kan gjennomførast frå 03.02 i 2025 og 02.02 for 2026.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane er i all hovudsak lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggsbelastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane, sjølv om køyrerutene delvis går gjennom sårbare vinterbeiteområde for villrein. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følge av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe og Sandnes RKH kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.
 --- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 28.11.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026 frå 11.11.2024. Visar og til vedtak i AU-sak 5/22 og fleire delegerte vedtak som gjeld liknande søknadar.

Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i SVR landskapsvernområder. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter kvar av desse køyrerutene:

- Ådneram – Taumevatn – Storevatn – Grautheller - Ådneram
- Ådneram – Taumevatn – Storevatn - Hyttevatn - Litle Aurådalen – Svartevassmagasinet – Grautheller – Ådneram

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 i Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova


Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går frå fjellbjørkeskogen til eit storkupert høgfjellsterrang sør og vest for Svartevassmagasinet, om lag 700-1100 moh.

Denne delen av SVR har regelmessig vore brukt av villreinen dei siste 20 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at fem av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde

sendar (2006-2010). GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har og registrert mange plott frå området. Særleg strekninga frå Storevatn til Hyttevatn inngår i dei sentrale vinterbeiteområda for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde.



Villreinens bruk av område om vinteren, januar-april 2006-2024

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg i Flatstøldalen og ein ved Elsvatn.

Det er sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane ved Storevatn og vidare nordover. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og Viltkart for Sirdal. Relativt nær dei aktuelle køyrerutene er det registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk og kongeørn. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021. Denne arten er svært sårbar for forstyringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin

kulturminnebase (www.asketadden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet. Det er og fire turisthytter med ein god del vinterbruk. Statskog har og fleire utleiehytter i område. I tillegg er det fleire kraftverksinstallasjonar i område i samband med Sira-Kvina reguleringa. Det er mykje motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, kvisting av skiløyper og tilsyn med kraftanlegga. Det er og noko transport til private hytter og Statskog sine hytter. Ei oppteljing viser om lag 140 årlege snøskutertransportar inn Flatstøldalen til Holmavatn, om lag 35 årlege transportar vidare til Storevatn og 12 årlege snøskutertransportar på strekninga Storevatn-Hyttevatn må ruta til Kringlevatn. Det er også mange skiløparar område i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 500 overnattingar på Taumevatn, 80 på Storevatn, 30 på Litle Aurådal og 300 på Grautheller. Teljingar viser 2000 passeringar av skiløpar ved Elsvatn, og ein kan estimere eit tal på 1000 skiløparar opp til Taumevatn og 150 skiløparar på løypa nordover frå Storevatn. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karrakteriserast som høg til moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein mindre auka i bruken av snøskuter i denne delen av landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til dei kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyrring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen med lite villrein i områda sør og vest for Taumevatn, vil kjentmannsturane inn hit kunne gjennomførast utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar. For områda ved Storevatn og nordover til Hyttevatn, samt ved Litle Aurådal vil kjentmannsturane medføre auka forstyrring av villreinen i eit viktig vinterbeiteområde.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forstyringa av motorferdsla det er søkt om blir likevel ikkje vurdert til å være så stor at den kjem i konflikt med verneføremålet. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til Verneområdestyret for
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Ådneram, 28.november 2024

**Søknad om løyve til kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane
landskapsvernområde og Frafjordheiane 2025 og 2026.**

Med henvisning til Sør-Vest politidistrikt «Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i verneområde» sak nr.24/231358 - sist rev. 11.11.24 søker vi nå om løyve til og gjennomføre de 6 beskrevne turene.

Med ønske om snarlig tilbakemelding.

Med hilsen

Ivar Anton Nøttestad
Daglig leder, tlf. 950 31 101



Arkivsaksnummer: 2024/12292

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	16/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjenntmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Stavanger Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

- 1 Stavanger Røde Kors Hjelpekorps - søknad

Forvaltar si innstilling

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps får dispensasjon til å gjennomføre kjenntmannsturar med snøskuter i delar av Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjenntmannsturane skal følgje etablerte køyreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjenntmannsturar etter kvar av dei følgjande rutene:

- Hunnedalen-Blåfjellenden-kvistet kryss ved Kringlekveven-Sandvatn-Lortabu
- Hunnedalen – Sandvatn – Børsteinen - Lortabu
- Hunnedalen – Langavatn med avstikker til Kjerag
Turane til Langavatn kan følgje køyrerute gjennom Blåstøldalen og forlengast til Varmekro ved behov

Dispensasjonen gjeld og to tilsynsturar til radiostasjonen på Varmekro etter ruta:

- Høgaleite – Langavatn - Varmekro

Eit årleg medlemskurs kan inngå som ein av kjenntmannsturane som er nemnt over. Nøyaktig område for gjennomføring av medlemskurset skal avklarast med verneområdeforvaltar før gjennomføring. Slike kurs og øvingar som krev motorferdsel, skal om mogleg leggast utanfor verneområdet.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane i all hovudsak er lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggsbelastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane. Køyserutene går utan om sårbare vinterbeiteområde for villrein og hekkelokaliteter raudlista rovfugl. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjere seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe, Speidernes beredskapsgruppe, Sandnes RKH og Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Stavanger Røde Kors Hjelpekorps sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Sakens bakgrunn

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.4.00.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent 2015.
- Naturmangfoldloven.

Heimelsgrunnlag

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 30.11.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026. Visar og til vedtak i AU-sak 6/22 og fleire delegerede vedtak som gjeld liknande søknadar.

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter kvar av desse desse køyrerutene:

- Hunnedalen-Blåfjellenden-kvistet kryss ved Kringlekveven-Sandvatn-Lortabu
- Hunnedalen – Sandvatn – Børsteinen - Lortabu
- Hunnedalen – Blåfjellenden - Langavatn med avstikker til Kjerag

Det søkast og om to tilsynsturar til radiostasjonen på Varmekro etter ruta Høgaleite – Langavatn – Varmekro.

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *”Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging”*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.bokstav a.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde *og forvaltningsplan*

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Frafjordheiane og SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går gjennom eit storkupertupert høg fjellsterreng mellom Lysefjorden og Hunnedalen om lag 900-1100 moh.

Denne delen av Frafjordheiane og SVR har i liten grad brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore vest for Lysevegen den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane og tilgrensande område i SVR tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. I tillegg møter villreinen store vandringshinder i form av hytter og ferdsel lenger nordaust. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villreinflokkar ved Simleknuten og Venekvæv, men verneområdeforvaltar er ikkje kjent med nyare observasjonar av villrein frå det aktuelle område.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkvegar litt lenger aust ved Halvfartjødn, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei.

Det er lite sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, men om det likevel skulle skje er det svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland og Viltkart for Sirdal. Det er registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk relativt nær dei aktuelle køyrerutene. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021, Denne arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april,

men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er få private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet, men det er fire turisthytter med ein del vinterbruk. Det er noko del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, samt kvisting av skiløyper. Ei oppteljing viser om lag 50 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frafjordheiane og dei tilgrensande delane av SVR. Det er også mange skiløparar som nyttar turisthyttene i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 450 overnattingar på Sandvatn, 200 på Blåfjellenden, 150 på Langavatn og 50 på Børsteinen. I tillegg går mange på dagstur til Sandvatn og i nærområda til hyttefeltet i Hunnedalen og Grytdalen. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karrakteriserast som moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein merkbar auka i bruken av snøskuter i landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen utan villrein i Frafjordheiane og SVR vest for Lysevegen, vil kjentmannsturane kunne gjennomførast frå januar utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps vil med dette søke om kjentmannskjøring innenfor vernesonen i Frafjord heiene.

Stavanger 30.11.2024

Forord

Viser til tidligere godkjent søknad vedrørende kjentmannskjøring i vernesonen i Frafjord heiene. Viser i tillegg til møte med Politiet 19. August 2024 i forbindelse med kjentmannskjøring. Viser i tillegg til infomøte 25.11.2024 om samme tema.

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps har vakthytte i Hunnedalen som betjenes alle helger i vintersesongen, samt vinterferien og påsken.

Hjelpekorpsset har stor forståelse for at vernemyndighetene skal ivareta verneforskriften, samtidig har vi et stort behov for å gjøre våre nye sjåførere kjent og trygge på gode veivalg når vi først må ut med scooter.

Som oftest er helseoppdrag i vær hvor det lett å ta seg frem. Utfordringen er når vi kommer til "SAR" oppdrag (søk og redningsoppdrag). Da er som regel ikke været på vår side og ofte er vi eneste ressursen når været står på, siden veien da ofte også er stengt.

Det har vært mange diskusjoner tidligere om at medlemmer kan gjøre seg kjent på ski, og det gjøres også. Men vi vet at ved å gjennomføre kjentmansturer på scooter så får vi en helt annen erfaring og gjennomføringsmulighet.

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps har som nevnt over, forståelse for at forvaltningsmyndigheten skal ivareta verneforskriften i aktuelt område og vi har i alle år tilstrebet å utføre vår aktivitet innenfor verneforskriften på en god måte. Vi har så vidt vi vet ikke hatt noen anmerkninger fra verneforvalter som vi vanligvis har forholdt oss til.

Derfor gjennomførte Hjelpekorpsset i 2024, kun 5 av 6 godkjente turer, hvor 2 av turene ble slått sammen, slik at vi i praksis kjørte kun 3 dager. Den ene turen ble i tillegg avbrutt da den ble omprioritert til helse oppdag i samme område, turen ble allikevel loggført som kjentmanstur. Den turen som ikke ble gjennomført, var planlagt flere ganger, men ble besluttet utsatt hver gang da været ikke var hensiktsmessig til å få gjennomført kjentmannsturen på en slik måte, at vi fikk god nok utbytte av turen. Til slutt valgte vi å ikke gjennomføre denne. Vi ønsket ikke å kjøre turen bare for å gjennomføre alle turene.

I tidligere løyve var det satt begrensinger på å kjøre i vinterferien og påsken. Til dette kan vi informere om at vi utelukkende møter turister som har satt stor pris på at de får et spor å gå i, da spesielt når det har vært snøfall. Flere spør også om veivalg, trygge vann osv.

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps

Post: Thiisabakken 3 4010 Stavanger

Besøk: Thiisabakken 3 4010 Stavanger

Fakturering på mail til: 975658694@zerp.no

Tlf: 908 31000

Web: www.srkh.no

E-post: hjelpekorpsset@srkh.no

Bank: 3201 07 37590

Org.nr: 975658694



Søknad:

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps vil med dette søke om kjentmannsturer som oppgitt i øvelsesplanen til Politiet. Vi vil samtidig be om at trasè mellom Blåfjellenden og Langvatn tas med som tidligere.

Det samme gjelder for avstikker til Kjerag som før.

Vi var litt sent ute med ønske om å innbefatte at Børsteinen ble lagt til vår kjentmanstur til Sandvatn. Dette har ikke tidligere vært med i planen, men vi ser at dette er et område som vi må ta med i turene, da dette har en naturlig tilknytting til Sandvatn og turister ferdes der. Håper at det kan la seg gjøre.

Vi vil samtidig søke om 2 tilsynsturer til Varmekro som tidligere.

Hver vintersesong gjennomføres vinterkurs for våre medlemmer. Det er et ønske at 1 av kjentmansturene kan kombineres sammen med dette for å kunne ivareta sikkerhet og logesikk. Dette vil kunne medføre at trasè går noe ut fra oppgitt løype, ettersom eventuelle overnattinger vil skje utenfor vinterløype. Dog ikke mer en max 500 m.

I separat søknad så har vi søkt om å få kjøre spor i Frafjordheiene på vegne av velforeningen i Hunnedalen. I den forbindelsen har vi søkt om å få kjøre spor til Degevass langfredag. Vi ser at det er mange som går denne turen denne dagen og har et ønske om å få denne turen inkludert i denne søknaden, om sporkjøring ikke godkjennes.

Søknaden gjelder for inntil 10 scootere/atv på belter.

Med vennlig hilsen

Ludvig Sande
Korpsleder
Stavanger Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

Øvelsesplan fra Politiet

Intern oppdatert øvingsplan til Stavanger Røde Kors Hjelpekorps

Stavanger Røde Kors Hjelpekorps

Post: Thiisabakken 3 4010 Stavanger

Besøk: Thiisabakken 3 4010 Stavanger

Fakturering på mail til: 975658694@zerp.no

Tlf: 908 31000

Web: www.srkh.no

E-post: hjelpekorpsset@srkh.no

Bank: 3201 07 37590

Org.nr: 975658694



International
Federation of
Red Cross and Red
Crescent Societies



Arkivsaksnummer: 2025/241

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	17/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sirdal kommune - Sandnes Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg:

- 1 Sandnes Røde Kors Hjelpekorps - søknad

Forvaltar si innstilling

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køyreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter køyreruta Sinnes-Degevassbu-Mangerne-Sandvatnet-Lortabu.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Køyrerutene går utan om sårbare vinterbeiteområde for villrein og hekkelokaliteter for raudlista rovfugl. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane

- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe, Speidernes beredskapsgruppe, Stavanger RKH og Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i Lov om motorferdsel i utmark kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Sandnes Røde Kors Hjelpekorps sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 04.01.2025 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026. Viser og til delegert vedtak 45/21 som gjaldt tilsvarande søknad.

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter desse køyreruta Sinnes-Degevassbu-Mangerne-Sandvatn-Lortabu.

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.bokstav a.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er

forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Frafjordheiane og SVR går i hovudsak etter etablerte trasear. Køyrerutene går gjennom eit storkupertupert høg fjellsterreng mellom Lysefjorden og Valevatn om lag 900-1100 moh.

Denne delen av Frafjordheiane og SVR har i liten grad vore brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i Frafjordheiane den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane og tilgrensande område i SVR tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. I tillegg møter villreinen store vandringshinder i form av hytter og ferdslengjer nordaust. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villrein flokkar ved Simleknuten og Venekvæv, men verneområdeforvaltar er ikkje kjent med nyare observasjonar av villrein frå det aktuelle område.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkveg litt lenger aust ved Halvfartjødn, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei.

Det er lite sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, men om det likevel skulle skje er det svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland og Viltkart for Sirdal. Det er registrert to hekkelokalitetar for jaktfalk relativt nær dei aktuelle køyrerutene. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021, Denne arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det

aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er om lag 6 private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet, samt ei turisthytte med ein del vinterbruk. Det er noko motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til hyttene. Ei oppteljing viser om lag 40 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frafjordheiane og dei tilgrensande delane av SVR. Det er også mange skiløparar som nyttar område i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 450 overnattingar på Sandvatn og 300-500 skiløparar går til Degevasshytta i påska. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som låg til moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre lita auka i bruken av snøskuter i landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til etablerte trasear gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyrring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen utan villrein i vest for Lysevegen, vil kjentmannsturane kunne gjennomførast frå januar utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyrringar.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane SVR landskapsvernområder og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.

Fra: Eirik Sivertsen
Sendt: 04.01.2025 20:27
Til: Postmottak SFAG; Odden, Alf
Cc: post@hjelpekorpsset.org
Emne: Fw: søknad om snøskuter kjøring i verneområdet
Vedlegg: Avtale mellom Agder og Sør-Vest politidistrikt.pdf, 20241111 - Plan for øvings- og kjentmannskjøring i....pdf, Sonekart for de frivillige redningsressursene i SVR.pdf

Hei

Sandnes Røde Kors Hjelpekorps ønsker å søke om ferdsel inne i vernesone med hensikt om kjentmannskjøring. se vedlagt øvelses plan ifra politiet. vi ønsker å søke i henhold til turene som står i øvelses planen

Med vennlig hilsen
Eirik Sivertsen
Korpsleder
Sandnes Røde Kors Hjelpekorps
M: [+47 917 22 411](tel:+4791722411)
D: [99486004](tel:99486004)
ISSI: 6148228



Roald Amundsensgt. 20, 4307 Sandnes | Alarmtelefon: [994 86 002](tel:99486002) | Org nr. 975 580 8



Arkivsaksnummer: 2024/11848

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	18/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest

Vedlegg:

- 1 Speidernes Beredskapsgruppe Sør-Vest - søknad

Forvaltar si innstilling

Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Frafjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køyreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter køyreruta Ådneram-Børsteinen-Langvatn-Kjerag-Sandvatn-Høgaleite/Lortabu.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane i all hovudsak er lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggslastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane. Køyrerutene går utan om sårbare vinterbeiteområde for villrein og hekkelokaliteter raudlista rovfugl. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa

- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe, Stavanger RKH, Sandnes RKH og Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar--- [slutt på innstilling](#) ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 28.11.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026. Visar og til vedtak i AU-sak 5/22 og fleire delegerte vedtak som gjeld liknande søknadar.

Speidernes beredskapsgruppe Sør-Vest søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter køyreruta Ådneram–Børsteinen–Langavatn–Sandvatn med innlagt avstikker frå Langavatn til Kjerag

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *”Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging”*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.bokstav a.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.

2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Frafjordheiane og SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går gjennom eit storkupertupert høgfjellsterreng mellom Lysefjorden og Hunnedalen om lag 900-1100 moh.

Denne delen av Frafjordheiane og SVR har i liten grad brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane og tilgrensande område i SVR tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. I tillegg møter villreinen store vandringshinder i form av hytter og ferdsel lenger nordaust. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villreinflokkar ved Simleknuten og Venekvæv, men verneområdeforvaltar er ikkje kjent med nyare observasjonar av villrein frå det aktuelle område.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkvegar litt lenger aust ved Halvfartjødn, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei.

Det er lite sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, men om det likevel skulle skje er det svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland og Viltkart for Sirdal. Det registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk relativt nær dei aktuelle køyrerutene. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021, Denne arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reirområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er få private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet, men det er fire turisthytter med ein del vinterbruk. Det er noko del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, samt kvisting av skiløyper. Ei oppteljing viser om lag 50 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frafjordheiane og dei tilgrensande delane av SVR. Det er også mange skiløparar som nyttar turisthyttene i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 450 overnattingar på Sandvatn, 200 på Blåfjellenden, 150 på Langavatn og 50 på Børsteinen. I tillegg går mange på dagstur til Sandvatn og i nærområda til hyttefeltet i Hunnedalen og Grytdalen. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karrakteriserast som moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein mindre auke i bruken av snøskuter i landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen utan villrein i i områda vest for Lysevegen, vil kjentmannsturane kunne gjennomførast frå januar utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til Verneområdestyret for
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Ådneram, 28.november 2024

**Søknad om løyve til kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane
landskapsvernområde og Frafjordheiane 2025 og 2026.**

Med henvisning til Sør-Vest politidistrikt «Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i verneområde» sak nr.24/231358 - sist rev. 11.11.24 søker vi nå om løyve til og gjennomføre de 6 beskrevne turene.

Med ønske om snarlig tilbakemelding.

Med hilsen

Ivar Anton Nøttestad
Daglig leder, tlf. 950 31 101



Arkivsaksnummer: 2024/12225

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	19/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frافjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes, Gjesdal og Sirdal kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg:

- 1 Øvre Sirdal Leitegruppe - søknad

Forvaltar si innstilling

Øvre Sirdal Leitegruppe får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Frافjordheiane og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frافjordheiane landskapsvernområde

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter køreruta Høgaleite/Sinnes-Sandvatn-Langavatn-Blåfjellenden-Høgaleite/Sinnes.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane i hovudsak er lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggslastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane. Kørerutene går utan om sårbare vinterbeiteområde for villrein og hekkelokaliteter raudlista rovfugl. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa

- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Speidernes beredskapsgruppe, Stavanger RKH, Sandnes RKH og Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Øvre Sirdal Leitegruppe sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 16.12.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026 frå 11.11.2024.

Viser og til vedtak i AU-sak 4/22 og fleire delegerte vedtak som gjeld liknande søknadar.

Øvre Sirdal Leitegruppe søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, etter køyreruta Øvestebødalen/Sinnes–Sandvatn–Langevatn–Blåfjellenden–Sinnes/Øvstebødalen.

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.bokstav a.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er

forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Frafjordheiane og SVR går i hovudsak etter kvista trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter. Køyrerutene går gjennom eit storkupertupert høgfjellsterreng mellom Lysefjorden og Hunnedalen om lag 900-1100 moh.

Denne delen av Frafjordheiane og SVR har i liten grad brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane og tilgrensande område i SVR tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. I tillegg møter villreinen store vandringshinder i form av hytter og ferdsel lenger nordaust. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villreinflokkar ved Simleknuten og Venekvæv, men verneområdeforvaltar er ikkje kjent med nyare observasjonar av villrein frå det aktuelle område.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkvegar litt lenger aust ved Halvfartjødn, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei.

Det er lite sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, men om det likevel skulle skje er det svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland og Viltkart for Sirdal. Det er registrert tre hekkelokalitetar for jaktfalk relativt nær dei aktuelle køyrerutene. Jaktfalk er oppført som nær truga (NT) i Norsk raudliste for artar 2021, Denne arten er svært sårbar for forstyrringar i nærleiken av reirplassen. Egglegging skjer i midten av april, men jaktfalken oppheld seg i reiområdet nokre veker før dette, og blir særleg aktiv om lag tre til fem veker før egglegging.

Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert anna informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje

komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er seks private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet, samt tre turisthytter med ein del vinterbruk. Det er noko del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til turisthyttene, samt kvisting av skiløyper. Ei opteljing viser om lag 60 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frafjordheiane og dei tilgrensande delane av SVR. Det er også mange skiløparar som nyttar turisthyttene i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 450 overnattingar på Sandvatn, 200 på Blåfjellenden og 150 på Langavatn. I tillegg går mange på dagstur til Sandvatn og i nærområda til hyttfeltet i Hunnedalen. I tillegg går om lag 300-500 skiløparar inn til Degevasshytta i påska. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karrakteriserast som moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein lita auka i bruken av snøskuter i landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen utan villrein i i områda vest for Lysevegen, vil kjentmannsturane kunne gjennomførast frå januar utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til

Sirdal 16.12.24

Verneområdestyret for

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjorheiane landskapsvernområde

Søknad om bruk av snøskuter i verneområdet

Øvre Sirdal leitegruppe er en del av samvirket i redningstjenesten på lik linje med andre i FORF. Laget består av omkring 60 lokale frivillige medlemmer som blir kalt ut til søk og redningsaksjoner sommer og vinter i Sirdalsheiane.

For at våre medlemmer kan ivareta egensikkerhet under vinteraksjoner er det viktig at vi får anledning til å opprettholde lokalkunnskapen, og at nyere medlemmer blir kjent i områdene vi har ansvar for og som det forventes aksjoner i. Dette har og betydning for responstiden for redningsaksjoner og utfallet for de som trenger bistand.

Det er videre avgjørende at vi får anledning til å benytte løyper og ferdselsalternativer til aktuelle terreng og gjøre oss kjent med DNT, Statskog og private hytter som oppsøkes når en er i nød og trenger hjelp.

Med bakgrunn i øvingsplan for Sør-Vest Politidistrikt datert 08.10.2024 (rev. 11.11.24) som gir åpning for inntil 6 turer, søker vi om løyve til å gjennomføre følgende kjentmannsturer:

- 2 årlige turer: Øvestebødalen / Sinnes – Sandvatn – Langevatn – Blåfjellenden – Sinnes / Øvstebødalen
- 2 årlige turer: Kvinen – Josephsbu – Gaukhei – Kvinen
- 1 årlig tur: Ådneram – Grautheller – Storevann – Taumevann – Ådneram
- 1 årlig tur: Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram (skal samkjøres)



Øvre Sirdal Leitegruppe

Følgende forutsetninger fra øvingsplan legges til grunn for kjentmannsturer:

1. I området sør for Lyseveien og vestover kan det kjøres kjentmannsturer i januar. I det øvrige området kan turene gjennomføres tidligst uken før vinterferien.
2. Det kan ikke kjøres kjentmannsturer etter 15.april eventuelt 2. Påskedag dersom sein påske.
3. For å begrense den totale belastningen i området, skal de ulike gruppene samarbeide og koordinere kjentmannsturene der de skal gjøre seg kjent i samme løype. Dvs. at gruppene som skal gjøre seg kjent langs samme trase skal, så langt det lar seg gjøre, gjennomføre turene samtidig.
4. Kjentmannsturen Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram skal samkjøres slik at det totale antallet turer ikke blir mer enn to.

Vi håper at søknaden imøtekommes og at vi trygt og sikkert kan bidra til søk og redning i fremtidige redningsaksjoner.

Vennlig hilsen

Gunhild Kvinen

Leder Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg

Kart med oversikt over traséene



Arkivsaksnummer: 2024/11866

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	20/25	20.01.2025

Søknad om bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder, Sandnes og Sirdal kommunar - Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand

Vedlegg:

- 1 Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand - Søknad

Forvaltar si innstilling

Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køyreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova og §3, punkt 5.3a i Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter køyreruta Flørli-Kjerag-Langavatn-Børsteinen.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med andre redningsgrupper kan det til saman brukast inntil 30 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være svært avgrensa. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane

- Kjentmannsturane skal følgja trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Øvre Sirdal Leitegruppe, Speidernes beredskapsgruppe, Sandnes RKH og Stavanger RKH kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 05.12.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026. Visar og til delegerte vedtak RO 22/2016 og 38/21 som gjeld liknande søknadar.

Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområde. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar etter køyreruta Flørli-Kjerag-Langavatn-Børsteinen med inntil 10 snøskuterar.

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høg fjell.
- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *”Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging”*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. I §3, punkt 5.3, bokstav a. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til bruk av båt med motor, motorkøyretøy på frosen eller snødekt mark, eller luftfartøy i samband med øvingsverksemd.

Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn inn under §3 punkt 5.1 og krev derfor dispensasjon for å kunne gjennomførast, jamfør §3, punkt 5.3.bokstav a.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 i Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Frafjordheiane og SVR går etter vanleg brukte trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter sjølv om desse ikkje inngår i STF sitt kvista løypenett. Køyrerutene går gjennom eit storkupertupert høgfjellsterreng sør for Lysefjorden om lag 900-1100 moh.

Denne delen av Frafjordheiane og SVR har i liten grad brukt av villreinen dei siste 25 åra. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at ingen av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i Frafjordheiane den tida dei hadde sendar (2006-2010). Heller ikkje nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området. Ein mogleg årsak til dette er at Frafjordheiane og tilgrensande område i SVR tradisjonelt vore eit bukkeområde og at GPS registreringane i liten omfattar grad bukkar. I tillegg møter villreinen store vandringshinder i form av hytter og ferdslar lenger nordaust. Våren 2020 vart det observert spor etter mindre villrein flokkar ved Simleknuten og Venekvæv, men verneområdeforvaltar er ikkje kjent med nyare observasjonar av villrein frå det aktuelle område.

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert eit trekkveg vest for Langavatn, ein på Strålaus og ein ved Sandvatn. Det er og registrert trekkveg litt lenger aust ved Halvfartjødn, Dægevassbu og Heimre Dyrgråhei.

Det er derfor lite sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, men om det likevel skulle skje er det svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er berre driftehytte i denne delen verneområdet, men det er to turisthytter kor den eine har ein del vinterbruk. Det er lite motorferdsle i område frå før, og denne er i hovudsak knytt til transport av ved og proviant og kvisting av skiløyper til turisthytta Langavatn. I tillegg kjem kjentmannsturane til redningsgruppene som opererer i område ved Langavatn og Kjerag. Ei oppteljing viser om lag 15 årlege snøskutertransportar i denne delen av Frafjordheiane og SVR. Det er og ein del skiløparar som nyttar Langavatn og tilhøyrande løypenett i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 150 overnattingar på Langavatn. Det er og ein del ferdsel til Kjerag gjennom vinteren. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som låg. Dei to aktuelle kjentmannsturane vil medføre ei viss auke i motorferdsle, men vil i liten grad føre større belastning på økosystemet i område.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsel frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane og SVR landskapsvernområder og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsle må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til: Verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
E-post: sfagpost@statsforvalteren.no
Fra: Norsk Folkehjelp Strand og Forsand
E-post: sf.sanitet@folkehjelp.no
Dato: 05 desember 2024

Søknad om ferdsel i verneområder med snøscooter for frivillig redningstjeneste med formål å være forberedt på redningsoppdrag i vinterfjellet.

Søknad om bruk av snøskuter i verneområder

Norsk Folkehjelp Strand og Forsand er en del av samvirke i redningstjenesten. Vi står i beredskap for nødetatene året rundt. Våre frivillige bistår blant annet helseforetak og politiet ved søk, redning og syketransport med snøskuter. For at aksjoner skal kunne gjennomføres så effektivt og sikkert som mulig, legger vi til rette for at våre frivillige mannskap kan drive øvingskjøring med snøscooter i områder hvor det kan forventes mulige aksjoner. Med øvingskjøring menes nødvendig kjøring med snøscooter under organisert redningsøvelse. Grunnopplæring i bruk av snøscooter inngår ikke i dette. Øvingskjøringen skal ivareta behovene som den enkelte organisasjon har, slik at de kan gjennomføre en effektiv redningsaksjon med høy sikkerhet for egne mannskaper. Samtidig skal øving skje på en måte som ivaretar hensynet til naturmangfold, friluftsliv og naturopplevelser. Dette er særlig viktig innenfor verneområder, der områdets verneverdier skal beskyttes. All øvingsvirksomhet som kan legges utenfor et verneområde, foregår utenfor verneområdet. Med bakgrunn i egen risikoanalyse og planlagte øvelser, samt øvingsplan for Sør-Vest Politidistrikt datert 11.11.2024 søker vi om følgende bruk av snøskuter i verneområder:

- **Område 2 Flørli-Kjerag-Langavatnet** 2 kjentmannsturer med inntil 10 scootere
- **Område 10 og 6 Lyngsvatnet-Nilsebu-Aurådal-Grasdalen-Eidavatn** 2 kjentmannsturer med inntil 10 scootere


Felles for alle kjentmannsturer:

- Kan gjennomføres i perioden 15.desember til 15.april
- Kjentmannskjøring skjer med utgangspunkt i vedlagte traseer skissert i hvert område.
- Ansvarlig for øvelsen er søkende organisasjon. Frivillige mannskap med snøskuter fra de andre FORF organisasjoner, Øvre Sirdal Leitegruppe og politiet kan delta.

For Norsk Folkehjelp Strand og Forsand

Tore Jøssang – NFS Øvingsleder

Arne Alsvik – NFS Beredskapsleder



Link til komplett oversikt over alle soner SARTopo:
<https://sartopo.com/m/UP0SJER/PJ071TPAGRLHC0C0>



Arkivsaksnummer: 2024/11866

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	21/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i Lusaheia og SVR landskapsvernområder, Hjelmeland og Bykle kommunar - Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand

Vedlegg:

- 1 Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand - Søknad

Forvaltar si innstilling

Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Lusaheia og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter naturmangfaldlova sin §48 og kapittel VI i forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter kvar av dei følgjande rutene:

- Nilsebu-Storådalen-Eidavatn-Gammelstølen-Grasdalen.
- Nilsebu-Litle Aurådal


Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 01.01-21.04 for 2025 og 01.01-15.04 for 2026.

Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur. Ved samordna øvingar med Hjelmeland Røde Kors Hjelpekorps kan det til saman brukast inntil 20 snøskuterar.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være svært avgrensa. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar kjentmannstur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal følgje trasen for Stavanger turistforening sine kvista vinterruter der desse finns
- Der fleire redningsgrupper skal gjere seg kjent i same område skal turane, så langt det let seg gjere, gjennomførast samtidig
- Hjelmeland Røde Kors Hjelpekorps kan delta på kjentmannsturane
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet i SVR innan 1 juni kvart år



Kart over køyreruter.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 05.12.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026. Visar og til delegerte vedtak RO 23/2016 og 24/21 som gjeld liknande søknadar.

Norsk Folkehjelp i Strand og Forsand søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i Lusaheia og Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Det søkast

om inntil to årlege kjentmannsturar etter køyreruta Lyngsvatnet-Nilsebu-Aurådal-Grasdalen-Eidavatn med inntil 10 snøskuterar.

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde av 19.04.1991
- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Lusaheia landskapsvernområde vart verna ved kgl. Res. Av 19 april 1991. Føremålet med vernet er etter kapittel III i verneføreskriftene å ta vare på eit særmerkt og vakkert høg fjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Motorisert ferdsel i verneområde blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 2. Her heiter det at motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, samt landing med luftfartøy er forbode. Vidare heiter det i kapittel VI, punkt 1 at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag og landing med luftfartøy. Tiltaket det er søkt om kjem etter vårt syn inn under kapittel IV punkt 3 og krev derfor dispensasjon etter kapittel VI, punkt 1 for å kunne gjennomførast.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Vormedalsheia, Lusaheia, Dyraheio og SVR landskapsvernområder.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i Lusaheia og SVR går etter vanleg brukte trasear mellom Stavanger turistforening sine hytter sjølv om desse ikkje inngår i STF sitt kvista løypenett. Køyrerutene går gjennom eit småkupert høg fjellsterreng på begge sider av Storådalen om lag 1000-1100 moh.

Dei høgareliggande fjellområda i Lusaheia blir årvisst nytta av villreinen som vinterbeite. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) dokumentarar at to av dei åtte simlene som har nytta sørområdet, har vore nær dei aktuelle køyrerutene den tida dei hadde sender (2006-2010). Elles viser nyare GPS-data (2011-2024) frå www.dyreposisjoner.no at simlene som held til i Lusaheia trekker mot kalvingsplassane lengre aust i løpet av mars og april. Kvar vinter er det og ein del dyr som beiter ved Litle Aurådal. Vinteren 2020, da beiteområda i høgheia var nedisa, var det og villrein ved dei lågareliggande delane av køyreruta. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreins arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert fleire villreintrekk ved Eidavatn og eit villreintrekk på tvers av Storådalen litt aust for Krumsåkelven.

Det er derfor sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane, og det er svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), samt tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det står fire driftehytter i og ved Storådalen og turisthytter ved Eidavatn. Det ligg og ei turisthytte og ei driftehytte i Litle Aurådal. Det er noko motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til hyttene. Anslagsvis vil det bli gitt 5 andre snøskuterløyper i Lusaheia, noko som tilsvarar om lag 20 snøskutertransportar i året. Det er og ein del skituristar i delar av område i påskeferien. Ferdsla i området om vinteren er avgrensa med unntak av ein del ferdsla på ski ut frå turisthytta på Nilsebu i påskeferien. Etter forvaltningssekretariatet si vurdering er den samla ferdsla er ikkje av eit slik omfang at den medfører omfattande og systematiske forstyrringar av villreinen. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som låg. Dei to aktuelle

kjentmannsturane vil medføre ei viss auke i motorferdsla, men vil i liten grad føre større belastning på økosystemet i område.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsl frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Lusaheia og Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet i desse verneområda. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Arkivsaksnummer: 2024/12225

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	22/25	20.01.2025

Søknad om dispensasjon til bruk av snøskuter til kjentmannsturar i søre del av SVR landskapsvernområde, Sirdal og Bygland kommunar - Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg:

- 1 Øvre Sirdal Leitegruppe - søknad

Forvaltar si innstilling

Øvre Sirdal Leitegruppe får dispensasjon til å gjennomføre kjentmannsturar med snøskuter i delar av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområder. Kjentmannsturane skal følgje etablerte køreruter slik det er vist på kartet i vedtaket.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldlova.

Dispensasjonen gjeld for inntil to årlege kjentmannsturar etter køreruta Kvinen - Josephsbu - Gaukhei – Kvinen.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 10.02-21.04 for 2025 og 09.02-15.04 for 2026.


Dispensasjonen gjeld for inntil 10 snøskuterar på kvar tur.

Vedtaket blir grunngeve med at talet kjentmannsturar er såpass lågt at den negative innverknaden på verneverdiane vil være avgrensa. Kjentmannsturane er lagt til traseane for kvista vinterløyper kor tilleggsbelastninga frå øvingsverksemda er akseptabel i høve til verneverdiane, sjølv om kørerutene delvis går gjennom sårbare vinterbeiteområde for villrein. Det blir og lagt vekt på at eit minimum av kjentmannsturar vil være nødvendig for å ha godt førebudde redningsmannskap. Det pågår eit arbeid med tiltaksplanar for villreinområdet etter forskrift om Kvalitetsnorm for villrein. Som følgje av dette kan det for neste periode vera behov for tiltak for å avgrense den totale mengde motorferdsel i verneområda.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- Om det under transporten blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje blir uroa
- Kvar tur innanfor verneområdet skal gjennomførast i løpet av utreisedagen
- Alle snøskuterane skal køyre samla under gjennomføringa av kjentmannsturane

- Kjentmannsturane skal følgja traseen for DNT Sør sine kvista vinterruter der desse finns. Avstikkarar frå hovudtraseane tillatast unntaksvis når det er behov for å gjøre seg kjent med hytter som ligg i nærleiken av traseen, retningsgivende 2,5 km fra hovedtrase. Det skal da kjøres korteste rute mellom hytte og hovedtrase
- Kjentmannsturane skal gjennomførast i samsvar Sør-Vest politidistrikt sin øvingsplan for 2025-2026
- Ein kort rapport om gjennomføringa av kjentmannsturane skal sendast forvaltningssekretariatet innan 1. juni kvart år



Kart over køyrerute.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Det er Øvre Sirdal Leitegruppe sitt ansvar å hente inn løyve frå aktuelle grunneigarar.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 16.12.2024 og øvingsplan frå Sør-Vest politidistrikt 2025-2026 frå 11.11.2024. Viser og til vedtak i AU-sak 4/22 og fleire delegerte vedtak som gjeld liknande søknadar.

Øvre Sirdal Leitegruppe søker om dispensasjon til bruk av snøskuter i samband med kjentmannsturar i SVR landskapsvernområde. Det søkast om inntil to årlege kjentmannsturar, med inntil 10 snøskuterar, for køyreruta Kvinen - Josephsbu - Gaukhei – Kvinen

Søknaden er i samsvar med øvingsplanen frå Sør-Vest politidistrikt.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015

- Naturmangfaldlova.
- Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøskuter i utmark og verneområder, Klima- og miljødepartementet 15.05.2020
- Plan for øvingskjøring/kjentmannskjøring i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde, samt Frafjordheiane 2025 – 2026. Sør-Vest politidistrikt 11.11.2024

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde blir regulert av verneforskrifta sitt kapittel 5, punkt 5.1, bokstav a, kor det heiter at motorisert ferdsle på land er forbode. Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 5.4. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering


Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Køyrerutene det er søkt om i SVR går i etter kvista trasear mellom DNT Sør sine hytter. Køyreruta går i ei småkupert høg fjellsterrang vest for Kvifjorden, om lag 700-900 moh.

Denne delen av SVR har regelmessig vore brukt av villreinen dei siste 20 åra, sjølv om bruken har vore lågare enn den var på 1980 og 1990-talet. Årsaka til dette ligg truleg i vandringshinder lenger nord og mindre villreinstamme. At område framleis er i bruk blir stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at to av dei ni simlene som har nytta sørområde har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2006-2010). GPS data frå www.dyreposisjoner.no (2011-2024) har registrert plott frå området om vinteren. Særleg områda ved Josephsbu og Gaukhei inngår i vinterbeiteområda for sørstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde.



Villreins bruk av område om vinteren, januar-april 2006-2024

I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreins arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert ein trekkveg ved Gaukhei.

Det er sannsynleg at det vil bli observert villrein under gjennomføringa av kjentmannsturane. Det er derfor svært viktig at vilkåra i vedtaket om å ta omsyn til villreinen blir følgt opp. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og Viltkart for Sirdal. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjonen om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2021 eller andre verdifulle artar. Det er heller ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område. Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er fleire private hytter og driftehytter i denne delen av verneområdet. Det er og tre turisthytter med ein god del vinterbruk. Det er noko motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til driftehyttene og turisthyttene, kvisting av skiløyper og tilsyn med kraftanlegg. Ei oppteljing viser om lag 20 årlege snøskutertransportar etter dette løypenettet. Det er også ein del skiløparar område i vintersesongen. Kvar vinter er det registrert om lag 520 overnattingar på Kvinen, 260 på Gaukhei og 130 på Josephsbu. I tillegg er det ein del dagsturisme på ski både frå Kvinen og hyttefeltet på Ljosland. Den samla belastninga på naturmangfaldet i område må karraktriserast som låg til moderat.

Motorferdsla det er søkt om vil ha eit slikt omfang at den vil medføre ein mindre auka i bruken av snøskuter i denne delen av landskapsvernområdet. At motorferdsla i hovudsak er avgrensa til dei kvista løypene i område gjer likevel at den ikkje vil medføre nemneverdig auka forstyrring av hekkelokalitetar for raudlista rovfuglartar, og såleis ikkje er eit trugsmål mot desse sårbare artane. I den nåverande situasjonen med relativt lite villrein i områda langt sør for Brokke-Suleskardvegen, vil kjentmannsturane kunne gjennomførast utan at dette medfører vesentlege tilleggsforstyringar.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Dei aktuelle køyrerutene følgjer og i stor grad vanleg bruka trasear som ein del ferdsel frå tidlegare.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Dei aktuelle kjentmannsturane vil til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane knytt til villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Forstyrringa av motorferdsla det er søkt om blir likevel ikkje vurdert til å være så stor at den kjem i konflikt med verneføremålet. Den aktuelle motorferdsla må og sjås på som eit tiltak for å sikre godt førebudde redningsmannskap ved eventuelle leiteaksjonar.



Til

Sirdal 16.12.24

Verneområdestyret for

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjorheiane landskapsvernområde

Søknad om bruk av snøskuter i verneområdet

Øvre Sirdal leitegruppe er en del av samvirket i redningstjenesten på lik linje med andre i FORF. Laget består av omkring 60 lokale frivillige medlemmer som blir kalt ut til søk og redningsaksjoner sommer og vinter i Sirdalsheiane.

For at våre medlemmer kan ivareta egensikkerhet under vinteraksjoner er det viktig at vi får anledning til å opprettholde lokalkunnskapen, og at nyere medlemmer blir kjent i områdene vi har ansvar for og som det forventes aksjoner i. Dette har og betydning for responstiden for redningsaksjoner og utfallet for de som trenger bistand.

Det er videre avgjørende at vi får anledning til å benytte løyper og ferdselsalternativer til aktuelle terreng og gjøre oss kjent med DNT, Statskog og private hytter som oppsøkes når en er i nød og trenger hjelp.

Med bakgrunn i øvingsplan for Sør-Vest Politidistrikt datert 08.10.2024 (rev. 11.11.24) som gir åpning for inntil 6 turer, søker vi om løyve til å gjennomføre følgende kjentmannsturer:

- 2 årlige turer: Øvestebødalen / Sinnes – Sandvatn – Langevatn – Blåfjellenden – Sinnes / Øvstebødalen
- 2 årlige turer: Kvinen – Josefsbu – Gaukhei – Kvinen
- 1 årlig tur: Ådneram – Grautheller – Storevann – Taumevann – Ådneram
- 1 årlig tur: Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram (skal samkjøres)



Øvre Sirdal Leitegruppe

Følgende forutsetninger fra øvingsplan legges til grunn for kjentmannsturer:

1. I området sør for Lyseveien og vestover kan det kjøres kjentmannsturer i januar. I det øvrige området kan turene gjennomføres tidligst uken før vinterferien.
2. Det kan ikke kjøres kjentmannsturer etter 15.april eventuelt 2. Påskedag dersom sein påske.
3. For å begrense den totale belastningen i området, skal de ulike gruppene samarbeide og koordinere kjentmannsturene der de skal gjøre seg kjent i samme løype. Dvs. at gruppene som skal gjøre seg kjent langs samme trase skal, så langt det lar seg gjøre, gjennomføre turene samtidig.
4. Kjentmannsturen Ådneram – Hyttevatn – Svartevass – Grautheller – Ådneram skal samkjøres slik at det totale antallet turer ikke blir mer enn to.

Vi håper at søknaden imøtekommes og at vi trygt og sikkert kan bidra til søk og redning i fremtidige redningsaksjoner.

Vennlig hilsen

Gunhild Kvinen

Leder Øvre Sirdal Leitegruppe

Vedlegg

Kart med oversikt over traséene

AU 23/25 Eventuelt